

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

## 3. søndag i åpenbaringstiden – 19. januar 2020

Preiketekst: Joh 2:1-11

Lesetekst I: 1 Mos 1:26-31

Lesetekst II: Åp 21:1-6

### Vinunderet i Kana

I openberringstida les vi tekstar som gjev eit glimt av Guds herlegdom gjennom Jesus Kristus. Mange av tekstane viser oss Jesu identitet som sann Gud og sant menneske.

Forteljinga om vinunderet i Kana er den første av dei sju teikna vi les om i Johannesevangeliet. Det siste er oppvekkinga av Lasarus. Saman legg desse ramma rundt teikna og føremålet er å visa oss Jesu herlegdom, at han er den Gud har sendt til å bringa liv og frelse.

### Den tredje dagen

Det har blitt brukt ein del tankekraft på uttrykket «den tredje dagen». Nokre har blant anna lest inn ein referanse til oppstoda og nyskapinga, den himmelske bryllaupsfesten. Andre har leita etter ei god tidslinje i dagteljinga i starten av evangeliet og funne ein referanse til skapingsveke og har plassert vinunderet inn i dette.

Forbindinga til oppstoda er ikkje like sterk i Johannes, sidan vekta der primært ligg på «den første dagen i veka». Samstundes er det liten tvil om at forbindinga til nyskapinga er til stades. Både bryllaupskonteksten og vinen er uttrykk for det.

### Vin

Ved å gjera dette underet reddar Jesus bryllaupsfesten og verten frå ein pinleg situasjon. Men det er viktig å forstå rolla til vinen i ljøs av at hendinga blir kalla eit «teikn» (v. 11). I Det gamle testamente (GT) har vinen ei viktig rolle som blir vidareførte i Det nye testamente (NT). Vin var ei velsigning og gåve frå Gud (1 Mos 27:28) og blei brukt i offertenesta, som medisin, til fest og ikkje minst som eit uttrykk for Guds velsigning. Ikkje minst er tekstar som Jes 25:6-9, Amos 9:13, Joel 3:18 og andre viktige, sidan dei knyt vinen saman med Guds eskatologiske frelse.

Når Jesus gjer dette underet, er det ikkje små mengder vin vi snakkar om. I vers 6 lærer vi at storleiken på vasskara var to eller tre anker. Det vil seia 70 eller 105 liter. Det er altså snakk om store mengder vin, mellom 450-600 liter. Igjen er forbindinga til den eskatologiske frelsa og velsigninga verdt å merka seg.

## **Jesu svar til Maria**

Ein kan undra seg litt over måten Jesus svarar mora på. «Kva vil du meg, kvinne?». Er han frekk, eller sint, eller? Uttrykksmåten er eit idiom vi også finn i GT og skapar inntrykk av distanse mellom partane. Det er ei rimeleg tolking at Jesus tek eit steg bakover og bort frå mora. Kanskje er det også rom for å underforstå ei viss irettesetjing.

Don Carson kommenterer at det er typisk for Jesus å avdekka djupare symbolsk meining i ulike utsegner enn det den som snakka kanskje meinte. Hans time er enno ikkje komen, fortsett han med. Han ser dette i ljøs av krossen og den endelege oppfyllinga. Don Carson peiker også på at Jesus i 3:27-30 blir omtala som brudgomen. I ljøs av at det var ei oppgåve for brudgomen å sørge for vin, kan det vera eit frampek på Jesus som den sanne brudgomen som gjev nok vin. Då er poenget at timen for dette enno ikkje er komen.

Fleire tolkingsnyansar er moglege. Vi veit eigentleg ikkje heilt sikkert. Men at Jesu svar trekk merksemda vår mot ei symbolsk forståing av hendinga er vanskeleg å komma bort frå.

## **Det første teiknet**

Uttrykksmåten i vers 11 på gresk får lesaren til å stoppa litt opp. Tellemåten er litt uvanleg og teksten bruker «arche» i staden for «protos». Uttrykket «arche» kan også omsetjast med «viktigaste» eller «hovud», slik som i vårt «erkebiskop». I så fall er poenget at dette teiknet legg lista for korleis vi skal forstå Jesus. Han er Guds Messias som realiserer løfta i profetane så mange gonger har kome med – at det skal koma ei tid der Guds velsigningar skal strøyma. Ikkje berre over Israel, men også over folkeslaga.

## **Knut Kåre Kirkholm**

Undervisningsleder og høgskolelektor ved Fjellhaug internasjonale Høgskole (NLM) og redaktør i magasinet Fast Grunn.

[kkirkholm@fjellhaug.no](mailto:kkirkholm@fjellhaug.no)